



Det første nye huset i Øvre Halsabrotet er under bygging no.

Tidleg i 2014 spådde vi at dette ville verta eit stort byggjeår for Uskedalen og det har stemt. No står vi framfor innspurten - men kva vert sluttresultatet?

Ospelunden med sine vel 60 regulerte tomter har det største potensialet og er allereie godt på tur med 3 tomannsbustadar som utpå vinteren får selskap av 2 tomannsbustadar til. Ni nye bustadtomter er i tillegg under opparbeiding. Folk har flytta heilt frå Oslo til Ospelunden.

I Eikelandet Brygge er alle 8 hus selde og no har arbeidet med det første huset starta i Øvre Halsabrotet - med ein panoramautsikt som nokon kvar kan misunne byggherren.

Erlend Bjønebøle og Magne Huglen har her regulert 9 tomannsbustadar og 17 tomter for einebustadar. I Nedre Halsabrotet er det plass til 13 bustadtomter som skal bebyggast av Kvinnherad Feltutvikling, og det vert også eit visst supplement i Skårhaug og kanskje langs Geilo og andre stadar.

Kor realistiske alle tala er skal vi ikkje meine noko om førebels, men det er kanskje ikkje umogeleg å passera 50 nye bueiningar i første omgang?

Og alt skjer utan koordinert marknadsføring, til dømes under overskrifta: **Kom til Uskedalen - midt i Kvinnherad!**

Tekst, foto og nett:Ola Matti Mathisen



2 nye tomannsbustader i Ospelunden vert klare utpå vinteren